

Rånerud (gnr. 121)

Ranarud: Gardnamn som mest sikkert kjem av det før nokså vanlege mannsnamnet Rani (Hrani). Skrivemåten av gardnamnet har elles vore svært ustø. Især på 1600-talet var skrivemåten den nærpå ukjennelege form Rønnerud. Gjennom forma Ronnerud kom ein så tilbake til Rånnerud ell. Rånerud, som historisk nok er det rettaste form.

I skrivne kjelder er garden Ranarud i Fåberg omhandla i diplom både av 1330 og 1437. Etter manntalet for ekstraskatten Gjengjerden 1528 betalde da Halbjørn Randarud skatten med 1 lod sølv. Femti år seinare er det i Stiftsboka av 1577-78 fortalt at jordgods i Rannerudt til ei landskyld av 3 skinn låg til Fåberg prestebolig. I lista over Tiendekorn 1604 er namnet skrive Rønnerudt, og tienda vart utreidd med 1 ½ tønne, som t.d. for Hovland, Prestrud og Balberg. I 1624 var Peder Rønnerud vorte stemt av bygdelenmannen til å møte på tinget, men han var ”overhørig” og måtte for det bøte med 1 mark sølv. Om same Peder Rønnerud er det elles å fortelja at han sjølv åtte jordgods til 9 skinn landskyld i Rønnerud og dessuten ½ hud i Fliflet.

Litt om storleiken på gardane i den tid finn ein i register over Kvegskatten 1657. Der er det fortalt at brukaren på Rønnerud da heitte Amund, og at husdyrhaldet på garden var 2 hopper, 11 naut og 20 sauer. Etter andre kjelder er det elles om same Amund Rønnerud fortalt at han sjølv åtte jordgods til 2 huder i sin eigen gard.

År 1668 kom den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om Rønnerud i Fåberg fortalt at Amund ganske riktig var både eigar og brukar der. Det vil seia at han sjølv åtte 1 hud og 9 skinn i garden, men 3 skinn låg framleis til Fåberg prestebol, så den samla landskyld var altså 2 huder.- Vidare er det om garden Rønnerud og gardsbruket der i 1668 fortalt at enga, innmarka var god, at det var skog til gards bruk og seter på ”Rycha Setter” (Ruken). Buskapen av store husdyr var da 3 hestar og 14 naut, og korntianda vart utreidd med 2 ½ tønne, som altså svara til ei årsavling på 25 tønner. Når det dertil er opplyst at det på garden var ein liten humlehage, tyder det på at vi her er på ein gard der det ofte er tilreisande eller andre som er vant til å bruke øl til maten. Om garden veit vi elles at ”Rønnerud” da var utlagt til rytterkvarter, og at brukaren egentleg heitte Amund Tostensen og da var 50 år. Ti år seinare er det elles oppgitt at dei 3 grannegardane Rønnerud, Undsumb og Wedumb var ”Ryttergaarde”, og at dei da slapp andre utreidsler.

Hoppar ein så 55 år fram i tida, så har matrikkelframlegget av 1723 fleire nyare opplysningar om gardane. Der er gardnamnet også da skrive Rønnerud, og likeså heitte brukaren også da Amund, men med fullt namn Amund Christophersen. Han var og både eigar og brukar av Rønnerud med undantak av dei 3 skinn skyld som framleis låg til prestebolet. Buskapen på Raanerud var da 3 hestar, 18 naut, 17 sauer og 9 geiter, og den årlege høyavlinga utgjorde kring 30 lass. Det er vidare opplyst at garden hadde eiga kvern og fiskeri ”i loughen”. Det går fram at Rånerud alt i den tid hadde 2 husmannsplassar med brukande jord.

Av 1731 er ei sak som gir fleire opplysningar om ætta på Rånerud. Saka, som her er av interesse, er elles etter utskrift av tingboka referert slik:

”Faaberg 10 septb, 1731.

Erik Raanerud har indstevnt sin eldre bror Amund Raanerud til å svare ham mødrende og fedrearnv.

Innstevnte møtte ikke. Forelegges å møte til neste ting.

12.mars 1732.

Avsagt: Parternes far Christopher Raanerud, som ennu lever, har ikke, som det burde været gjort, holdt noget lovlige skifte da han i 1712 oppgav grd. Raaneruds bruk for sin eldste søn Amund Raanerud, men kun tilkaldt lensmannen med menn og ved dem gjort riktighet i boet, hvilket bo da var av slett og ringe tilstand.

Da citanten som den gang var 30 år gl. ikke før nu har anket herpå kan retten ikke efter så lang tid finne ham beføiet til dette søksmål, særlig da Amund Raanerud har fremlagt lovlige skjøte av 13. Juni 1712, hvorved faderen for fattigdoms skyld solgte ham gården, imot at Amund Raanerud påtok sig å betale hans gjeld, 140 rd. samt å forsørge sine foreldre. Amund Raanerud frikjennes derfor for sin brors tiltale i alle måter. Omk. Oppheves.”

I år 1734 finn ein gardnamnet skrive Ronerud. Det var da tinglese ei kontrakt mellom Amund Ronerud og svigerson hans, Ole Christensen, som var gift med einaste dotter til Amund, Ingeri Amundsdr. Svigersonen Ole Christensen overtok da garden Ronerud mot å innløyse 200 rd., som Amund var skyldig og dessuten gi føderåd til svigerforeldra resten av levetida.

Ole Christensen Ronnerud, som han da skreiv seg, var framleis brukar på Rånerud i 1751. Han gav da bygselseddel til Torger Amundsen på ”en hans gård Ronnerud til og underliggende husmandsplads Øvre Huse inden gården Ronneruds hjemhage, mot årlig leie 2 rd.” Samtidig gav og husbonden ein liknande bygselseddel til Lars Halvorsen på husmannsplassen ”Needre Huse inden gården Ronneruds hjemhage beliggende” mot årlig husleie ½ rd. Vidare gav Ole Christensen samtidig ein liknande bygselseddel til Hans Halvorsen på ”en hans gård til og underliggende husmandsplads Ronneruds Hougen inden Gården Ronneruds aker jord beliggende mot årlig husleie 1 rd.”

Av ei kvittering frå 1754 går det fram at son til Ole Christensen, Christen Olsen Ronnerud, i 1754 var vorte gift med Guri Erichsdr. Hov, og at ho kom til Rånerud med ein fedrearv på 400 rd. og kunne rekne med å få meir seinare ved skiftet etter mor si.

Husbonden Christen Olsen Raanerud og hustru Guri Erichsdatter, f. Hov fekk i tidsrommet 1753 – 1770 sju born. Dei var: 1. Kjersti f. 1754, død som barn, 2. Ole f. 1756, 3. Ingrid f. 1759, død som barn, 4. Erich f. 1760, 5. Ingrid f. 1762, 6. Berit f. 1767, 7. Kjersti f. 1770.

Christen Olsen Raanerud brukte garden til i 1775, da han gav skjøte til eldste sonen sin, Ole Christensen på ”Raanerud med Haafs Volden” av skyld 2 huder for kjøpesum 800 rd. + føderåd. - Hovsvollen som her er tillagt Rånerud, var visstnok arv som husmora Guri Erichsdr. Da hadde fått etterbetalt frå Hov i form av jordegods. Med to år seinare var i 1782 husfrua Guri Erichsdr. død, og det var skifte på ”Raanerud i Faaberg”. Ved dette skiftet vart jordegodset i arvebuet, garden Rånerud med Hovsvollen, taksert for 800 rd., og arvebuet omrekna i pengar utgjorde brutto 1240 rd. og netto 929 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen Christen Olsen Raanerud, dei 4 borna som da var i live. Det var: 1. Ole, som da var 26 år, 2. Ingrid, 23 år, 3. Erich, 22 år, 4. Kjersti, 12 år.

Av same år er og ei kontrakt som her er av stor interesse, og som i utskrift har denne ordlyden:

”Kontrakt dat. 1. aug. 1782 tgl. 9. oktober s.å.

Mellem Ole Christensen Raanderud i Faaberg og Erich Christensen Øre om at sistnevnte skal bruke gården Raanderud i 25 år og førstnevnte bebor for seg og hustru på livstid begge pladsene Huse kaldet samt en indhegnet sve og 1/10 av gårdens fiskeri på Øren.

Pantehaveren Erich Christensen skal indløse førstnevntes pantebrev stort 550 rd. og betale ham resten som er 249 rd. Når disse 25 år er gaaet betaler førstnevnte 30 rd. årlig for føderåd for sin far og fars mor og betaler 10 rd. årlig for pladsen Huse.”

Med to år seinare gav i 1784 Ole Christensen Raanerud skjøte til svogeren sin, Erich Christophersen, grd. Raanerud med Hovsvollen av skyld tilsaman 2 huder 1 ½ skinn for kjøpesum 1399 rd.+ føderåd.

Av 1787 er derimot ei sak som gjeld broren Erich Christensen Raanerud, ei sak som i utskrift av tingboka elles har denne ordlyden:

”16. febr. 1787.

Christen Raanerud har til et tingsvidnes erhvervelse indstevnt vidner om at han har forstrekt sin avd. søn Erich Christensen, dels med egne og dels med lånte penge, samt gått i kausjon for ham.

De to indstevnte vidner og andre godvillig møtende forklarte at citanten hadde betalt forskjellige mindre beløp for sin søn efter at denne var reist til Kjøbenhavn for 3-4 år siden. Citanten begjærte derefter tingsvidnet sluttet.”

Husbonden Christen Olsen Raanerud var sikkert både ein drivande og dugande kar, men det ser helst ut til at han truleg var ein streng husfar. Det er før fortalt at eldste sonen gav avkall på ættegarden Rånerud og heller valde å bu på plassen Huse og drive fiske. I meldinga ovanfor er det fortalt at sonen Erich var reist til Kjøbenhavn og var død der, berre 27-28 år gamal.

Fem år seinare var det den 12. oktober 1792 to dødsbuskifte samtidig på Rånerud.- Det eine skiftet var etter Christen Olsen Raanerud f. 1734, som hadde vore gift to gonger, først med Guri Erichdtr. Hov og så med Beret Olsdtr. Det andre skiftet var etter husmora Ingri Christensdtr. som hadde vore gift med Erich Christophersen og døde da ho var 28 ½ år. Ved dette skiftet vart jordgodset i buet. Grd. Rånerud med Hovsvollen av samla skyld 2 huder 1 ½ skinn verdsett til 800 rd., og buet utgjorde brutto 1096 rd. og netto 780 rd. Arvingane ved skiftet var , forutan enkemannen Erich Christophersen, det einaste barnet i ekteskapet, Guri Erichsdtr. Rånerud, som da var 3 år.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 7 familiar på Rånerud. Det var:

1. Familie: 1. Erich Christophersen, husbonden, 48 år. 2. Guri, dotter hans, 12 år, Ingri Amundsdr., føderådskone, 89 år, 3. Niels Pedersen , tenestkar, 21 år, 4. Eli Pedersdr., tenestkvinne, 32 år, 5. Sedsill Pedersdr., tenestkvinne, 24 år, 6. Ingebor Pedersdr., tenestkvinne, 22 år.

2. Familie: 1. Christen Johansen, husmann med jord, 40 år, 2. Guri Christophersen., kona hans, 37 år, 3. Johannes Christensen, son deres, 12 år, 4. Christopher Christensen, son deres, 6 år.

3. Familie: 1. Lars Nielsen, husmann med jord og skredder, 47 år, 2. Ingrid Henningsdr., kona hans, 47 år, 3. Lars Larsen, son deres, 19 år, 4. Marta Larsdr., dotter deres, 13 år, 5 Berthe Larsdr., dotter deres, 7 år.

4. Familie: 1. Iver Tostensen, husmann med jord, 42 år, 2. Marit Jonsdr., kona hans , 54 år, 3. Johan Nielsen, brorson til kona.

5. Familie: 1. Hans Larsen, føderådsmann, 43 år, 2 Sedsill Nielsdr., kona hans, 3. Guro Olsdr., dotter til kona, 10 år,

6. Familie: 1. Even Olsen, husmann med jord, 48 år, 2. Ragnild Henningsdtr., kona hans, 3. Ole Evensen, son deres, 13 år, 4. Ingrid Evensdtr., dotter deres 6 år.

7. Familie: 1. Johannes Axelsen, "Gevorben Soldat, Inderste uden jord", 36 år, 2. Mari Larsdtr., kona hans, 27 år, 3. Ole Johannesen, son deres, 8 år, 4. Eli Axelsdtr., dotter deres, 5 år, 5. Arne Axelsen, son deres, 2 år. 6. Marit Olsdtr., mot til kona, 69 år.

Året etter var det i 1802 skifte på plassen Huse under Rånerud. Den døde var der Sedsel Nielsdtr., som hadde vore gift to gonger, først med Ole Christensen Raanerud og så med Hans Larsen, men dei hadde ingen born isaman. Ein merker seg elles at ved dette skiftet er jordegodset plassen Huse taksert for 130 rd. og vart medrekna i arvebuet, som netto utgjorde 126 rd. Plassen Huse vart altså da rekna som eit sjølvstendig bruk. Arvingane ved dette skiftet var, forutan Hans Larsen, dei fire borna etter Sedsel Nielsdtr. i ekteskapet med Ole Christensen Raanerud. Dei 4 borna var: 1. Guri Olsdtr., som da var 20 år, 2. Christen Olsen, 14 år, 3. Ole Olsen, 14 år, 4. Guro Olsdtr., 12 år. - Av 1807 er din obl. frå Christen Olsen Huse ved Rånerud til Erik Rånerud for 175 rd. mot 1.pr.pant i hans "eiende gårdeplads Huuse ved Raanerud", som Christen altså da hadde overtatt. Same året gav og Erik Christophersen Raanerud skjøte til Svigersonen sin, Peder Hansen og hustru Guri Eriksdtr. Raanerud, på grd.Raanerud med Hovsvolden av skyld 2 huder 1 ½ skinn for kjøpesum 999 rd. 0 føderåd til svigerfaren Erik Christophersen.

Frå året etter er ei sak mot Even Olsen ved Raanerud, som fogden hadde innstemnt for ulovleg brennevinsbrenning. Det var nok ein husindustri som vart prøvd både der og her i den tida, ikkje minst kanskje på husmannsplassane. Husmannen Even Olsen var da 55 år.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget av 1819. Der er det om Raanerud med Hofsvolden fortalt at buskapen av store husdyr da var 4 hestar og 20 naut og den årlege kornavlinga utgjorde kring 72 tønner. Samtidig er det opplyst at på bruket Huset var det 4 stk. fe, og den årlege kronavlinga kunne vera kring 9 tn.

Den 14. april 1829 var det atter skifte på "Raanerud i Faaberg". Den døde var da husbonden Peder Hansen, som først hadde vore gift med Guri Erichsdtr., og så med Ingeborg Simensdtr. Og hadde born i baa ekteskap. Ein merker seg elles ved dette skiftet at da er ikkje Hovsvollen lenger medrekna under Rånerud, men jordegodset i buet var berre Raanerud av skyld 2 huder, som da vart taksert for 1000 rd., og buet utgjorde i alt brutto 3384 rd. og netto 1870 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka av 2. Ekteskap, Ingeborg Simensdtr., dei 7 borna etter Peder Hansen i dei to ekteskap. Dei var: I hans 1. Ekteskap: 1. Erik, da 20 ½ år, 2. Karen, 18 år, 3. Ingeborg Mathea, 15 år, 4. Sigrid, 11 år, 5. Hans, 8 ½ år, 6. Ingebor, 6 år. I hans 2. Ekteskap: 7. Peder, da 6 veker. Alt same året tok elles sonen Erik Pedersen over som brukar og eigar av Rånerud og gav med det same føderådsbrev til stemor si, Ingeborg Simensdtr.

Av 1837 er eit tinglyst forlik mellom Erik Pedersen og Ole Guldbrandsen om bruken av plassen Smedstaden. Året etter gav elles Erik Pedersen skjøte til Ole Guldbrandsen også på ein del av Rånerud, og samtidig selde han den andre delen av Rånerud til Amund Syversen. Etter dette var det ved matrikuleringa i 1838 vorte to Rånerud-gardar: 1. Raanerud søndre med Hovsvollen av ny skyld 2 skylddalar 1 ort 17 skilling, som Amund Syversen hadde overtatt, og 2. Raanerud nordre av ny skyld 8 skylddalar 23 skilling, som Ole Guldbrandsen altså hadde tilhandla seg. Ein merker seg at Hovsvollen altså var lagt til Raanerud søndre.

I denne tid var det elles fleire utskiftingsforetningar som også var av interesse for Rånerud. I 1834 var det såleis utskifting av Ruken sameigemark, og i 1870-71 var det utskifting av ”Skjelbrei- og Aalkjermarkens Sameieskog”.

Ole Gulbrandsen, som hadde Rånerud nordre brukte garden til i 1864, da han skjøte denne eignedomen m.m. over til sonen Hans Olsen for kjøpesum 2000 spd. og eit føderåd verdsett til 500 spd., men i 1866 vart denne handelen omattgjord, og faren Ole Gulbrandsen tok atter over bruken av Rånerud

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire og nyare opplysningar om gardane. Der er det om Rånerud oppgitt at det samla jordbruksareal der av åker, eng og seterlykkjer i den tid utgjorde 360 mål, og av dette var 87 mål jord av 1. Klasse. Samtidig er det og opplyst at husdyrhaldet på Rånerud med husmannsplassar tilsaman utgjorde 4 hestar, 13 storfe og 24 småfe, og den årlege utsæd var kring 25 tønner korn og 29 tønner poteter.

Av år 1870 er ei kontrakt med påteging av 1882, 1885 og 1889 mellom Ole Rånerud og Gudbrandsdalens bataljon om ei skytebane mot Rånerudjordet mot årleg avgift. Det var på denne skytebana ein skøyar av ein rekrut frå Ringebu aldri kunne råke blinken på skiva, men skaut ein sau i Rånerudjordet etter ein spøkefull merknad av offiseren. Det var elles den samme skøyaren som jaga nokre kalvar ”så langt dei ville gå”, men vart borte fra leiren i 3 døger. Det blir og fortalt at han eingong tynna gulrot i leiren slik at ”berre den der” stod att. Ja, slik blir det fortalt.

Amund Syversen Torsgård hadde Rånerud søndre til i 1880. Da gav han skjøte til sønesønene sine, Edvard og Hans Andreas-søner på Rånerud søre med Hovsvollen og seterbolet ”Guldringen” på Skjelbreien seter for kjøpesum kr. 1 200,- og eit føderåd av 5-årleg verdi 800 kr.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og brukarnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Rånerud i Fåberg fekk da gardsnr. 121 av samla skyld 17,70 mark, og det var da 4 bruksnr. under gardsnr. 121. Det var: a grn. 121, brn. 1. Raanerud søndre (Torsgaard) av skyld 2,80 mark, som Edvard og Hans Anderssoner hadde. b. brn. 2. Raanerud nordre, skyld 13,22 mark, eigar og brukar: Ole Gulbrandsen,

Av 1891 er eit tinglyst forlik mellom brukarane på Rånerud og Forsvarsdepartementet om skarpskytinga på Jørstadmoen.

I mellomtida gav elles skifteretten i Ole Raaneruds dødsbu skjøte til Ole Olsen Roterud og Anton Tollefsen Raanerud på grn. 121, brn. 3 Vingnesvold og brn. 4 Volden for kjøpesum kr. 29 000,-. Fire år seinare gav i 1892 Ole Olsen Roterud skjøte på sin del i Vingnesvollen og Mælumsvollen til Anton Tollefsen Raanerud for kr. 9 100,-.

Etter dette gav så Anton Raanerud i 1894 ei erklæring om å avstå grunn til vassbasseng på Jørstadmoen, og i 1897 gav Anton Raanerud vidare grunnleigskontrakt til Even Huskelhusengen og Ole Nordengen på ca 1 ½ mål tomtegrunn ved plassen Evenstuen ved Jørstadmoen. Sa å seia samtidig gav og fanejunker Kristoffersen skjøte til dottera Matilde på ”Huset Bergly på Raaneruds grund” for kr. 1000,-. Fire år seinare gav Anton Raanerud så grunnleigekontrakt til lærar Mathias Olsen til tomtegrunn på ca. 1 mål for årleg avgift kr. 30,-

. I denne tida var elles den store utskiftingsforretninga i 1899 om ordninga av hamnetilhøve m.m. på setrane Stølen, Kinden, Rindaasen, Veslesetra og Ruken.

Da det truleg kan vera av interesse, tek vi her med at ved kommunevalet i 1901 budde det i alt 16 personar med røysterett på og/eller ved Raanerud og dessuten to personar med røysterett på Torsgaard. Det var: 1. gardbr. Anton Tollevsen Raanerud, 34 år, 2. husholderske Matia Olsdtr. Raanerud, 75 år, 3. tenestkar Andreas Kristiansen Raanerud, 40 år, 4. husmann Ole Samuelsen Synsterud, 45 år, 5. husmor Jonatine Evensdtr. Synsterud, 50 år, 6. skomaker Andreas Johansen Berglund, 26 år, 7. husmor Anna Andersdtr. Berglund, 27 år, 8. huseigar Johan Andreassen Berglund, 48 år, 9. husmor Anne Jonsdtr. Berglund, 50 år, 10. maler Kristian S. Rønning, 29 år, 11. fanejunker M. Kristoffersen, 71 år, 12. husmor Matea Kr. Kristoffersen, 45 år, 13. sjølveigar Matias Olsen Sørli, 66 år, 14. sjølveigar Olaf Simensen Kjelshaug, 27 år, 15. inderst Anton Andreassen Kjelshaug, 38 år, 16. inderst Ole Østensen, 30 år. Dessuten budde på Torsgaard: 1. gardbr. Hans Andreassen Torsgaard, 2. føderådsmann Andreas Amundsen, 71 år, og vidare på Borgtun: 1. Anne Holmen, 58 år, 2. Alfred Holmen, 27 år, Lærar Peter Olsen budde på Moen og var da 61 år.

Av handlar i seinare tid med Rånerud eller/og parsellar av garden tek vi elles med at i 1904 vart ein parsell grn. 121 brn. 5 Bergli, skyld 0,02 mark, fråskilt og selt til Gunhild Johansen, som i 1906 selde Bergli vidare til Simen Pedersen for kjøpesum kr. 2 000,- + føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 000,-. Brn. 6 Bergheim av skyld 0,15 mark vart i 1915 selt til Kristian S. Rønning, og garver A.Hage kjøpte i 1921 brn. 7 Jotteteigen av skyld 0,05 mark. Ti år seinare kjøpte i 1931 Hans Kjelshaug brn. 8 Kjelshaug, skyld 0,06 mark, og tre år seinare kjøpte i 1934 Martinus Hammershaug grn. 121 brn. 9 Bergly av skyld 0,02 mark. I mellomtida hadde elles Anton Tollevsen Raanerud i 1927 skjøta garden til sonen Ole Raanerud.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det etter dette 3 gardsbruk under gardsnr. 121 Raanerud. Det var: a. Gnr. 121, brn. 1. Torsgård med eit jordbruksareal av åker, hage og eng på ca. 25 mål (da), som Ole Lundgaard da var eigar av, b. brn. 2 Rånnerud, areal ca. 185 mål, som Ole Rånnerud var eigar og brukar av, c. grn. 121, 122, brn. 2,4 Bergly og Rønningen, areal ca. 15 mål, som Martinus Hammershaug var eigar og brukar av.